

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.05.2021

Bjarte Vatnøy (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

- (a) Nytt punkt 1.
Vestland fylkeskommune fordeler tilskot på kr. 1 750 000, ein auke i tilrådinga på 50.000 til verna kulturminne frå budsjettpost 400.650.01
Ekstraløyving hentes fra område Prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur ledige midler sak 78/21 og reduserer ufordelte midler med 50,000,-

Forslaget er likt som innstilling, men med følgende endringer:

3. Askøy nr 4. Torvhus, Nordre Haugland tildeles kr 50.000,-

Punkt 2 uendra

- (b) Nytt punkt 3.
Det bør i de neste søknadsprosessene legges frem en oversikt om hvilke kommuner som har fått tildelt midler tidligere og hvor mye.
- (c) Nytt punkt 4.
Det bør ved fremtidige søknader taes hensyn til en bedre fordeling av tildeling mellom kommunene»

Lise-May Sæle (H) sette på vegner av A og H fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2 (opphaveleg punkt 2 flyttast til punkt 3):

Voss herad får samla totalløyving på 180 00 kr, jf. pkt. 1. For dei tre første prioriterte tiltaka vert føreslege løyving redusert med 10 000 kr for kvar einskild, slik at 5. prioritet, Oksastølen, får 30 000 kr i staden for kr null.»

Avrøysting

Vatnøy sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke mot innstillinga punkt 1

Sæle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstillinga pkt. 2 samrøystes vedteke.

Vatnøy sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

Vatnøy sitt forslag (c) fall med 4 røyster (Frp, Pp og U)

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune fordeler tilskot på kr. 1 750 000, ein auke i tilrådinga på 50.000 til verna kulturminne frå budsjettpost 400.650.01 slik:

Ekstraløyving hentast frå området «Prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur» sine ledige midlar sak 78/21 og reduserer ufordelte midlar med kr 50.000,-

3. Askøy nr. 4 Torvhus, nordre Haugland tildelast kr 50.000,-

	Kommune	Tilråding
1	Alver	20 000
2	Askvoll	60 000
3	Askøy	90 000
4	Aurland	70 000
5	Austevoll	0
6	Bergen	50 000
7	Bjørnafjorden	110 000
8	Bømlo	65 000
9	Etne	0
10	Fjaler	50 000

11	Høyanger	30 000
12	Kvam	70 000
13	Luster	80 000
14	Lærdal	20 000
15	Modalen	0
16	Osterøy	25 000
17	Samnanger	100 000
18	Sogndal	120 000
19	Stryn	60 000
20	Stord	60 000
21	Sveio	140 000
22	Tysnes	130 000
23	Ullensvang	60 000
24	Vaksdal	80 000
25	Vik	20 000
26	Voss	180 000
27	Øygarden	40 000
SUM		1 750 000

2. Voss herad får samla totalløyving på 180 00 kr, jf. pkt. 1. For dei tre første prioriterte tiltaka vert føreslege løyving redusert med 10 000 kr for kvar einskild, slik at 5. prioritet, Oksastølen, får 30 000 kr i staden for kr null
3. Det bør i dei neste søknadsprosessane leggst fram ein oversikt om kva kommunar som har fått tildelt midlar tidlegare og kor mykje dei har fått tildelt.
4. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev hovudutval for kultur, idrett og integrering administrasjonen høve til å omfordele midlane til andre tiltak på same kulturminne, eller til andre av dei tiltaka som har fått tildelt tilskot, jf. pkt. 1 ovafor.